



Styremøte i Jotunfjell Fjordane EHK

8.mai 2010 – Grotli Høgfjellshotell

Desse møtte: Per Inge Solvang, Idar Nygård, Arne Fossmo og Olve Steinset. Ola Auale var forhindra frå å møte.

Sakliste

1. Møteleiar på medlemsmøte 8.mai 2010.
2. Styrets innstilling til sak 4 på medlemsmøte - signaturfullmakt for klubben.
3. Styrets innstilling til sak 5 på medlemsmøte - Vedtektskomité og fullmakt.
4. Styrets innstilling til sak 6 på medlemsmøte - Val til ulike komitear.
5. Trong for ekstra løyving i høve til årsmøtets vedteke budsjett.
6. Kurs i kvardagsdressur 19. – 20.juni på Rugsund Handelsstad.

Sak 1

Styret meinte bestemt at medlemsmøte skulle leiast av klubbens leder, dersom ikkje særlege grunnar tilsa noko anna. I dette høve kunne ikkje styret sjå at noko skulle tilseie at ikkje medlemsmøte vart leia av klubbleiaren. Det vart så bestemt at medlemsmøte skulle leiast av klubbleiaren dersom ikkje medlemsmøte fatta eit anna vedtak.

Sak 2

Styret innstilling er at klubbleiar og kasserar saman skal gjevast signaturfullmakt på vegne av klubben.

Sak 3

Styret innstiller ovanfor medlemsmøte at det vert nedsett ein Vedtektskomité og at Ola Auale vert styrets representant i ein eventuell slik komité. Vidare innstiller styret på at Christian Vole, Pål Vesterås og Jan Skogen vert medlemmar av denne komiteen.

Mandat.

Styret innstiller ovanfor medlemsmøte at komiteen får fyljande mandat:

Utvalet skal, innan 15.desember 2010, utarbeide framlegg til vedtekter for Jotunfjell Fjordane EHK. Norsk Elghundsklubbers Forbund lovnormal for områdeklubbane skal leggast til grunn i utforminga av klubbens vedtekter.

Utvalet skal særleg sjå på og komme med framlegg til:

1. Korleis årsmøte skal innkallast og minimums innhald i slik innkalling.



2. Korleis medlemsmøte skal innkallast, med fristar og kunngjering.
3. Korleis oppgåvefordelinga skal vere mellom ulike rollar i klubbens styre, fordelt på:
 - Leiar
 - Nestleiar
 - Kasserar
 - Sekretær
 - Styremedlem
4. Retningsliner for val til ulike komitear, desse sine oppgåve og korleis dei skal rapportere sin aktivitet.
5. Retningsliner for klubbens arkiv og eigendelar, med fordeling av oppgåve og ansvar for slike.

Elles står utvalet fritt, innanfor rammene til ovanfor nemnde lovnormal, til å fremme andre saksområde dei meiner klubbens vedtekter bør omfatte.

Saksgang

Utvalets framlegg til klubbvedtekter for Jotunfjell Fjordane EHK vert kunngjort på klubbens nettstad så snart styret i klubben har dette i hende. Det vert så opna for at medlemmar i klubben kan få komme med sine innspel i høve utkastet fram til 10.januar 2011.

Klubbvedtekter vert handsama som eige sak på klubbens årsmøte i februar 2011.

Sak 4

Styret innstiller ovanfor medlemsmøte at dei som i dag sitt i desse komiteane fungerer ut årsmøteperioden og at eventuelle nye kandidatar vert valde i samsvar med dei vedtekter som vert vedtekne på årsmøte i februar 2011.

Sak 5

I samband med dei relativt høge kostnadane klubben vart påført i samband med deltakinga på messa Aktiv Fritid i Ålesund ser styret trong for å be medlemsmøte om ei ekstraløyving til årets budsjettet på kr.7 000,- . Idar tek opp denne saka på medlemsmøte.

Sak 6

Det vart bestemt at klubben skal arrangere kurs i kvardagsdressur på Rugsund Handelsstad, med Christian Vole som instruktør, den 19. – 20.juni 2010.

For Jotunfjell Fjordane EHK

Olve Steinset
- sekretær -